



Forsvaret - Forsvarsstaben  
Postboks 800 Postmottak

2617 LILLEHAMMER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/1965 - 16/18533

Saksbehandlar:  
Øyvind Oddekalv  
oyvind.oddekalv@meland.kommune.no

Dato:  
28.09.2016

## **Høyringsuttale - framlegg til utvida militært forbodsområde i Herdlefjorden. Endring av forskrift om militære forbodsområde i Sjøforsvaret.**

Vedlagt følger høyringsuttale frå Meland kommune gjeldande *Forskrift om endringer i forskrift av 30. august 2010 nr. 1510 om militære forbudsområder innen Sjøforsvaret*, vedtatt i kommunestyremøte 21. september 2016. Uttalen gjeld utvidinga av forbodssona i samband med Heggerneset i Herdlefjorden.

I ettertid er vi blitt kjend med svaret forsvarsminister Ine M. Eriksen Søreide gav 23. september 2016 på eit skriftleg spørsmål frå stortingsrepresentant Kjersti Tøppe, der det kjem fram at forbodssona utelukkande gjeld i sjø. På denne bakgrunnen ber vi om å få tilsend oppdatert og korrekt kart som viser den faktiske forbodssona rundt Heggerneset. Vi vil samstundes be om at vi får ein rimeleg frist til å uttale oss om dei oppdaterte karta, dvs. minimum 3 veker. Vi vil samstundes be om at eventuelt andre uklare omstende og blir presisert i det tilsende materialet.

Med helsing

Øyvind Oddekalv  
Ordfører



# Sakspapir

|                      |                    |                   |
|----------------------|--------------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b>       | <b>ArkivsakID</b> |
| Anny Bastesen        | FA - X10, TI - &13 | 16/1965           |

| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| 76/2016       | Formannskapet | PS          | 31.08.2016  |
| 78/2016       | Kommunestyret | PS          | 21.09.2016  |

**Høyringsuttale - framlegg til utvida militært forbodsområde i Herdlefjorden. Endring av forskrift om militære forbodsområde i Sjøforsvaret.**

## **Vedlegg:**

Høyring - forskrift om endringer i forskrift av 30. august 2010 nr. 1510 om militære forbudsområder innen Sjøforsvaret  
Utvida forbodssone Herdlefjorden

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

Forsvaret har ved skriv datert 04.07.2016 sendt på høyring eit forslag om å endre forskrift om militære forbodsområde innan Sjøforsvaret. Høyringsfristen er 5. oktober.

Framlegget medfører ei endring av gjeldande forskrift av 30. august 2010 nr 1510, som omfattar heile kysten. Den erstatta eldre forskrift av 07. desember 2000 nr 1626. Ved revisjonen i 2010 vart den militære forbodssona i Herdlefjorden lagt inn, knytt til målestasjonen på Heggerneset i Askøy kommune. Ved denne forskrifta vart sjøområdet frå Mongsedalen til Fløksand underlagt forbod «*mot adgang for uvedkommende, dykking, ankring, sjømåling, fiske og bruk av trål og bunnredskaper i enhver form*». Det er lov å følgje naturleg seglingslei gjennom området. Ved militær aktivitet må fartøy stoppe og rette seg etter dei beskjedane som blir gitt.

Høyringsframlegget omfattar ei utviding av forbodsområdet til å gjelde sjøområdet frå Holmeknappen til Beitingen. På land strekkjer området seg frå Hoplandsdalen via Hjertåsfjellet, Fløksand og golfbanen til hyttefeltet på Beitingen.

Formålet med forskrifta om militære forbodsområde er å legge til rette for effektiv utføring av kontroll med ferdsel i og omkring viktige installasjonar og område for Forsvaret.

Bakgrunnen for å endre forskrifta er todelt: Det er behov for generelle, formelle oppdateringar i høve til anna oppdatert lov- og forskriftsverk, og det er behov for endringar i enkelte konkrete forbodsområde. For Meland sin del betyr det utviding av forbodsområdet i Herdlefjorden.

Grunngjevinga for å utvide forbodsområdet er at eksisterande grenser ligg for tett på målestasjonen, og aktivitet i ytterkant av grensene virkar forstyrrende på målingane. Forsvaret peiker på at stasjonen på Heggerneset er avhengig av optimale akustiske målingar og at øvrige NATO-nasjonar også nyttar stasjonen i stor grad.

### **Vurdering**

Meland vart ikkje innlemma i denne forbodssona før den reviderte forskrifta av 2010 kom. Dette har m.a. medført restriksjonar på driften av Blom Fiskeoppdrett sitt anlegg ved Laksavika (eiga sak) og restriksjonar på bruken av den regulerte djupvasskaien på Hjertås. Forskrifta vart ikkje sendt på høyring i forkant, og det vart ikkje sendt ut varsel om at forbodssona vart etablert. Kommunen fekk informasjon om sona i samband med drøftingar av konkrete saker. Gjeldande forbodssone er no lagt inn i den sist reviderte arealdelen til kommuneplanen.

Av forskrifta går det m.a. fram at:

§ 2 nr 2: *«Forbudsområde er et nøyaktig angitt sjø- eller landområde som det er knyttet spesielle og nærmere definerte restriksjoner til.»*

§ 2 nr 3: *«Med uttrykket uvedkommende forstås i denne forskrift enhver person som ikke har fått tillatelse frå Sjef Forsvarets operative hovedkvarter etter § 3 nr. 4 til å ferdes og utøve virksomhet i forbudsområdet...»*

§ 3 nr 2: *«I forbudsområdene er det forbud mot adgang for uvedkommende, dykking, ankring, sjømåling, fiske og bruk av trål og bunnredskaper i enhver form, med mindre annet fremgår direkte av § 4.»*

§ 3 nr 4: *«Sjef Forsvarets.....eller den han bemyndiger, kan gi spesiell adgangstillatelse til de nevnte forbudsområder etter denne forskrift, herunder dispensasjon for fiske når betydelige økonomiske eller andre berettigede hensyn måtte gjøre ein slik dispensasjon ønskelig, jf...»*

§ 4 nr 11 Heggerneset: *«....Fartøy tillates å følge naturlig seilingsled gjennom området. Ved militær aktivitet må fartøy stoppe på anrop og rette seg etter gitte anvisninger.»*

Brot på forskrifta kan straffast etter *Lov om forebyggende sikkerhetstjeneste (sikkerhetslova)*.

Administrasjonen ser heilt klart at Forsvaret har behov for å kontrollere og regulere ferdsel i område som har høg verdi for forsvaret av landet og «rikets sikkerhet». Administrasjonen stusser likevel over at Forsvaret har lokalisert eit såpass viktig og kjenslevart anlegg tett på landets nest største by, i eit folkerikt område der det har vore og framleis vil vere sterk folkevekst. Herdlefjorden er ei viktig ferdselsåre til sjøs, særleg for småskala yrkesfiskarar, fritidsfiske og friluftsliv / båtliv generelt. Det kan bli rimeleg travelt å halde ålmenta unna ei såpass stort område.

Den nordre delen av forbodssona er særleg godt eigna for etablering av djupvasskai, som er etterspurt og særst viktig for næringsutvikling i ein kystkommune som Meland. Dette er det ikkje lenger mogeleg å få til. Det påvirker også kystkulturen, som blir ivaretatt m.a. gjennom aktivt båtliv og aktiv bruk av naust, småbåthamner og brygger / kaiar. Forbudssona har allereie hindra

aktivitetsauke innafør gjeldande sone, og ei utviding vil leggje restriksjonar på eit langt større område.

På land dekkjer den utvida forbodsona fleire allereie godt utbygde bustadområde, og - i eit langsiktig perspektiv - potensielle område for framtidige utbygging. Dette med omsyn til både bustad- og næringsetablering; sona dekkjer sørvendte område som ligg tett på etablert hovud-infrastruktur.

Ordlyden i forskrifta er svært streng. Med dei nøyaktige grensene som er sett, vil det i praksis vere eit aktivitetstforbod som er svært omfattande, både på land og til sjøs, dersom ordlyden skal takast bokstaveleg. Det vil påvirke det daglege livet til svært mange innbyggjarar i kommunen.

Erfaringsmessig kan utrykninga som vert sett i verk når det skjer «episodar» virke skremmande, og det er bortimot umogeleg å vite på førehand når det skjer. Det er t.d. «adgang forbudt» med mindre ein har fått særskilt løyve, i fleire bustadområde. På sjøen skal det berre vere mogeleg å følge farleia, og det er ikkje lov å drive fiske. Det kan skape ein permanent utsikker situasjon for alle som har tilhald innafør dei definerte grensene, ein må velje å tolke seg vekk frå restriksjonane for å leve eit normalt liv. Skal den militære forbodssona oppretthaldast må forskrifta få ein heilt annan ordlyd, som det går an å etterleve.

Folkehelse: Redusert friluftsliv til sjøs og uklart forbod mot aktivitetar i etablerte byggeområde kan legge ei usikker ramme på det daglege livet.

Miljø: Ingen vesentlege verknader.

Økonomi: I utgangspunktet ingen verknader for kommunen sin økonomi, men er hemmande for næringsutvikling.

### **Konklusjon**

Administrasjonen er særskilt skeptisk til at forbodssona skal utvidast. Forsvaret bør i staden vurdere å flytte anlegget til eit mindre folkerikt område med lågare konfliktpotensiale. Lokaliseringa i Herdlefjorden tek ikkje omsyn til det store aktivitets-, vekst- og utbyggingsnivået i denne bynære regionen. Administrasjonen er redd for at sentrale styresmakter undervurderer problemstillingane knytt til å ha kontroll over aktivitetsnivået i Herdlefjorden.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret i Meland ser at Forsvaret har behov for å kontrollere og regulere ferdsel i område som har høg verdi for forsvaret av landet og «rikets sikkerhet». På bakgrunn av karakteren av restriksjonane og den store utvidinga av forbodssona, meiner kommunestyret at området i Herdlefjorden ikkje er det rette for å drive denne typen militær aktivitet. Faren for konflikhtar er svært stor. Sjølv om det rettslege grunnlaget for å forfølge brot på forskrifta er til stades, er det vanskeleg å sjå samfunnsnyttan av å innrette seg slik at omgjevnadene og lokalsamfunnet blir påført eit stort problem, som i tillegg blir forsterka gjennom denne forskriftsendringa. Herdlefjorden og tilliggjande bustad- og næringsområde på land har så stort aktivitetsnivå at handheving av forskrifta vil bli svært ressurskrevjande og konfliktfylt. Det vert elles vist til saksutgreiinga og vedlegga her.»

## **FS - behandling:**

Det vart vedteke å endra ordlyden "rikest sikkerhet" til landets tryggleik i framlegg til vedtak.

## **FS – framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret i Meland ser at Forsvaret har behov for å kontrollere og regulere ferdsel i område som har høg verdi for forsvaret av landet og landets tryggleik. På bakgrunn av karakteren av restriksjonane og den store utvidinga av forbodssona, meiner kommunestyret at området i Herdlefjorden ikkje er det rette for å drive denne typen militær aktivitet. Faren for konflikter er svært stor. Sjølv om det rettslege grunnlaget for å forfølge brot på forskrifta er til stades, er det vanskeleg å sjå samfunnsnyttan av å innrette seg slik at omgjevnadene og lokalsamfunnet blir påført eit stort problem, som i tillegg blir forsterka gjennom denne forskriftsendringa. Herdlefjorden og tilliggjande bustad- og næringsområde på land har så stort aktivitetsnivå at handheving av forskrifta vil bli svært ressurskrevjande og konfliktfylt. Det vert elles vist til saksutgreiinga og vedlegga her.»

## **Kommunestyret - 78/2016**

## **KS - behandling:**

### **Framlegg til vedtak frå Ørjan Kristiansen, FrP:**

"Kommunestyret i Meland ber om at det presiseres i forskriften at de deler av forbodssonen som dekker Meland kommune, kun gjelder sjø-området."

### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå Ørjan Kristiansen fekk 6 røyster for, (FrP, V), 21 røyster mot, og fall.**

**Framlegget frå formannskapet fekk 21 røyster for, (AP, H, SP, KrF, MDG, BF), 6 røyster mot, og er såleis vedteke.**

## **KS - vedtak:**

«Kommunestyret i Meland ser at Forsvaret har behov for å kontrollere og regulere ferdsel i område som har høg verdi for forsvaret av landet og landets tryggleik. På bakgrunn av karakteren av restriksjonane og den store utvidinga av forbodssona, meiner kommunestyret at området i Herdlefjorden ikkje er det rette for å drive denne typen militær aktivitet. Faren for konflikter er svært stor. Sjølv om det rettslege grunnlaget for å forfølge brot på forskrifta er til stades, er det vanskeleg å sjå samfunnsnyttan av å innrette seg slik at omgjevnadene og lokalsamfunnet blir påført eit stort problem, som i tillegg blir forsterka gjennom denne forskriftsendringa. Herdlefjorden og tilliggjande bustad- og næringsområde på land har så stort aktivitetsnivå at handheving av forskrifta vil bli svært ressurskrevjande og konfliktfylt. Det vert elles vist til saksutgreiinga og vedlegga her.»